

Arbeidsprogram for plan for kulturminne 2016-2020

Framlegg arbeidsprogram 19.07.2016



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Tema kulturminne og kulturmiljø har sidan 1990-talet vore etterspurt i arealplanlegging og sakshandsaming i Fjell. Arealdelen til kommuneplanen 2007- 2018 fører opp kulturminne- og miljø som viktige tema i neste planrevisjon og rår til å utarbeide kulturminneplan.

Kommunedelplan for kultur 2007-2010 ønskjer utgreiing av kva for kulturminne og kulturlandskap det kan vera aktuelt å verna og ei prioritering mellom desse.

Planprogram for rullering av arealdelen til kommuneplanen 2015-2026 fastsette tidleg i prosessen kystkultur som eitt av tre hovudtema i rulleringa.

Komité for drift vedtok 03.12.2013 å slutte seg til opplegg for arbeid med plan for kulturminne. Arbeidet vart delt i Fase A- som var avgrensa til areal som inngjekk i rullering av arealdelen til kommuneplanen og framskaffing av naudsynt kunnskap. Fase B – ville omfatte alt areal i kommunen og resultere i ein endeleg plan. Fase A er gjennomført .

1.2 Platype og avgrensing

Utkast til arbeidsprogram gjeld Fase- B. I medhald av planstrategi for Fjell kommune skal plan for kulturminne utarbeidast som temaplan. Planen vil i hovudsak ta for seg faste kulturminne, både dei som er automatisk freda og dei frå nyare tid. Gjenstandar og immaterielle kulturminne er såleis ikkje med i denne planen.

1.3 Føremålet med arbeidsprogram og plan

Arbeidsprogrammet skal gjera omgjevnader og aktuelle mynde kjend med planprosessen på eit tidleg stadium. Programmet skal leggja føringar for arbeidet med planen, vise kva tema som skal skildrast og utgreiast, gje føringar for planprosessen med organisering og fristar og leggja til rette for medverknad.

Planarbeidet har som mål å sette kulturminnevernet på dagsorden og skape eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning til bruk i arealplanlegging og byggesakshandsaming. Det er viktig å kartlegge og prioritere lokale kulturminne. I framtida vil desse kulturminna danne grunnlag for opplevingar, kunnskap og verdiskaping. Planen vil skape meir føreseielege tilhøve for eigarar av kulturminne og auka kunnskap og interessa for kulturminne blant folk flest.

2. Føringar

2.1. Nasjonale mål og føringar og lovverk

Lovverk

Plan- og bygningslova er eit sentralt reiskap for å sikre mangfaldet i kulturminne, kulturlandskap og kulturmiljø. Kommunen kan med heimel i plan- og bygningslova sikre vern av kulturminne på kommuneplannivå (jf §11-8) og på reguleringsplannivå (§ 12-6).

Kulturminnelova § 2 definerer kulturminne slik:

« Med **kulturminner** menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Med

kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.»

Kulturminnelova gjev heimel til vern av kulturminne og kulturmiljø.

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. Vedtatt ved kongelig resolusjon 12. juni 2015. KMD.

Kulturminner og kulturmiljøer er viktig for identitet og tilknytning, og er en viktig ressurs for næringsutvikling. De viktigste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiene er økende utbyggingspress og manglende bruk av bygningsmiljøer, som følge av nedleggelse av tradisjonell industri og gårdsdrift. Kommunene har hovedansvaret for å identifisere, verdsette og forvalte verneverdige kulturminner i tråd med nasjonale mål. (s. 14).

Handbok og rettleiar:

- *Kulturminner i Kommunen. Håndbok i lokal registrering. Riksantikvaren. Revidert utgave 2012*
- *Kulturminner i kommunen. Kulturminneplaner. Veileder Riksantikvaren 2013*

2.2. Regionale mål og føringar

- *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*
- *Regional plan for folkehelse 2014-2025 Fleire gode leveår for alle*
- *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KIK)*

2.3 Lokale mål og føringar

Arealdelen til kommuneplanen 2015 – 2026 har tre hovudsatsingsområde: bustad, næring og kystkultur. I samband med rulleringa er det utarbeidd fleire analyser og rapportar m.a.:

- *Landskapsanalyse Fjell kommune 2013*
- *Nærturterreng Fjell kommune 2013*

Andre lokale føringar:

- *Handlingsprogram for Fjell kommune 2016-2019*
- *Kommunal planstrategi 2015-2018*
- *Kommunedelplan for energi, miljø og klima 2009-2012*
- *Kommunedelplan for bustadutvikling 2013-2020*
- *Kommunedelplan for kultur 2007-2010*
- *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2018*
- *Folkehelseoversikt for Fjell kommune 2014 (Folkehelseoversikt 2015 er under utarbeiding)*
- *Overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (KystROS 2014, KommuneROS 2014)*

Planar under arbeid:

- *Bildøyna/Sotra Kystby - områdereguleringsplanar*
- *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder*

3. Status for planarbeidet ved inngang til Fase B juni 2016

Innhaldet i dette punktet er lagt inn i etterkant av junimøtet i komité for drift og forvaltning, jf. merknad i framlegg til arbeidsprogram av 31.05.2016.

Teksten gjev eit samandrag av arbeidet innan kulturminnefeltet i Fase A 2013-2015 og etterpå.

Oppsette hovudkategoriar viser resultat av kommuneplanarbeidet, kompetanseheving og interkommunalt samarbeid og kulturdugnad, men grensene vil vere flytande mellom oppgåver retta i mot eit planarbeid og pågåande driftsoppgåver.

Arbeidet med kommuneplanen:

Arealdelen til kommuneplanen 2015-2026 vart godkjend 18.06.2015. Tema for rulleringa var bustad, næring og kystkultur.

Delmål for kystkultur gjev føringar om å sjå bruk og forvaltning av kysten i Fjell både i historisk og framtidretta perspektiv. Arealstrategien fastsett at kystlandskapet skal ivareta som fleirbruksområde. Kystkultur er ressurs i utvikling av levande lokalsamfunn og grunnlag for friluftsliv, reiseliv og næringsutvikling.

Arbeidet med tema kystkultur tok utgangspunkt i sjøbruksregistreringa «Verneverdige kulturminne i kystsona i Fjell kommune», HFK 1989, som omfattar 71 verneverdige kulturmiljø. Miljøa er evaluert etter ein skala frå A-C. Det er tre A-område med særleg høg verneverdi: Storasundet, Landrovågen og Langøy. Industristaden Knarrevik er lagt til som eit fjerde A-område. 42 område har høg verneverdi og 26 område lågare verdi.

- Omsynssone kulturmiljø (H 570 1-4) i kommuneplanen er etablert med bakgrunn i Fase A i kulturminneplanen, og det er knytt retningslinjer til områda. Dette gjeld tidlegare handelsstad Storasundet, industristaden Knarrevik, Landro sjøbruksområde og kulturmiljøet Vindeneskvarven.
- Det er utarbeidd landskapsanalyse for utvalde område i Fjell kommune i samarbeid med Riksantikvaren.
- Kartlegging av nærturterreng i Fjell kommune.
- Oppdatering og kontrollregistrering av automatisk freda kulturminne i databasen Askeladden.
- Det er starta gjennomgang og oppdatering av SEFRAK-materiale.
- Medverking i arkeologisk feltkurs for masterstudentar ved Universitetet i Bergen på Hitsøy 2014. Ny-registreringar og dokumentasjon av kjende kulturminne.
- Deltaking i tilrettelegging av arkeologiske kulturminne på Vindeneskvarven.

Deltaking i kompetansebygging og interkommunalt samarbeid:

- Utviklingsnett, Riksantikvaren sitt kompetansetilbod med tema kommunar og kulturminneplanar.
- Kulturminneplan i kommunane 2013-2016 (KIK). Fylkeskommunen si satsing for å nå nasjonale mål innan kulturminnefeltet m.a. godkjende kulturminneplanar innan utgangen av 2016. Deltaking i kommunesamlingar for Bergensregionen.
- Regionalt samarbeid med Fjell, Sund, Øygarden og Askøy gjennom Interkommunalt kultursamarbeid (IKKUS). Askøy har gått ut av samarbeidet. Sund arbeider med temaplan for kulturminne og Øygarden har sendt framlegg til planprogram for kommunedelplan på høyring.

Kulturdugnad:

- Ressursgruppa for kulturarva i Fjell vart skipa i 2013 av tilsette ved plan, landbruk og miljø og kultur. Representantar frå Fjell kulturminnelag, Fjell kystlag, Rygene detektorklubb og interesserte privatpersonar har vore invitert inn til arbeidsmøter.
- Det er sett opp ei temaliste med 15 prioriterte kulturminne og kulturmiljø.
- Folkemøte om kulturarv og kulturminneplan på Straume, Kolltveit, Vindenes og Algrøyna hausten 2014.
- Møte med Velforeininga for Bjørøy og Tyssøy juni 2015.
- Fjell eldreråd valde kulturminne som tema for den internasjonale eldredagen oktober 2015.

4. Utgreiingsbehov

Kulturminneplanen føresett at det blir etablert eit godt grunnlag for forvaltning av kulturminne. Mykje av datagrunnlaget finst i form av tidlegare rapportar, analyser, planarkiv og matrikkel, samt i eigen organisasjon gjennom fagavdelingar og erfaring med gjeldande planar. Gjennom samanstilling og systematisering av kjend kunnskap vil ein få fram behovet for nye registreringar og utgreiingar.

- Nyare tids kulturminne og signalbygg
- Retningsliner og sakshandsaming
- Opplegg for skjøtsel og formidling av kulturminne- og miljø
- Utvikle rådgjevingsteneste
- Generell kompetanseheving
- Geografiske gjennomgang for å avdekke område som ikkje er registrert
- Samfunns- og klimaendringar /risiko- og sårbarheit

5. Sentrale tema og problemstillingar

Sidan dette er første kulturminneplan i Fjell, vil det ikkje la seg gjere å gå grundig inn i alle tema og tidsepokar. Viktige problemstillingar er:

- Kva kulturminne er særmerkte for Fjell?
- Korleis kombinere vern og bruk av kulturminne?
- Prinsipp for verdivurdering av kulturminne
- Korleis bruke kulturminne som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping?
- Arealplanlegging og utbygging- korleis ivareta kulturminne i vidareutvikling av grender og tettstader?
- Prioritering av tiltak i planperioden

6. Planprosess og medverknad

6.1. Organisering av planarbeidet

Planen høyrer til under kultursjefen medan plan- og utbyggingssjefen har prosjektleiing og sekretariat.

Politisk arbeidsgruppe (PAU) har oppnemnt Komite for drift og forvaltning(KFF) som styringsgruppe. Styringsgruppa utpeikar saksordførar som skal samordna informasjon til

relevante politiske organ og leia planarbeidet på vegne av styringsgruppa. Saksordføraren løftar òg prinsipielle spørsmål opp til avgjerd i politisk styringsgruppe.

6.2 Organisering

Politisk styringsgruppe	Komité for drift og forvaltning (KDF)
Politisk saksordførar	Vert oppnemnd av KDF
Administrativ styringsgruppe	Rådmannens sitt leiarteam
Administrativ arbeidsgruppe	Plan- og utbyggingssjefen v/Plan, Kultursjefen, Eigedomssjefen,
Planeigar	Kultursjefen
Prosjektleiing og sekretariat	Plan- og utbyggingssjefen v/Plan
Referansegruppe (r)	Administrativ arbeidsgruppe supplert med andre kommunale einingar, relevante lag og organisasjonar, andre ressurspersonar, grunneigarar og institusjonar og forvaltning innan kulturminnevernet.

Administrativ arbeidsgruppe får ansvar for å utarbeida utkast til plan for kulturminne 2016-2020 i nært samarbeid med politisk og administrative styringsgrupper.

6.3 Medverknad

Målet er å leggje til rette for medverknad gjennom ein open og inkluderande planprosess. Former for medverknad er så langt ikkje fastsett, men ein vil ta i bruk eit vidt spekter av verkty og metodar frå *Medvirkning i planlegging*, Veileder KMD 2014.

Arbeidsprogram og framlegg til plan vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i minimum seks veker. Det skal opprettast ei eiga nettside for planarbeidet. For å skape engasjement og interesse for kulturminne og planarbeid er det viktig å etablere møteplassar som oppmodar til deltaking og diskusjon. Dette kan vera folkemøte, kurs, arbeidsgrupper og vandringar i kulturlandskapet.

6.4 Framdrift

Fase	Aktivitet / måned	vår 2016	haust 2016	vår 2017	haust 2017
Oppstartsfasen	Skisse til arbeidsplan	x			
	Politisk handsaming av framlegg arbeidsskisse til plan	x			
	Høyring og offentleg ettersyn	x			
Kompetanse hevingfasen	Nyregistreringar og kontrollregistreringar	x	x	x	
	Systematisering av data og verdivurdering		x	x	
	Etablering av møteplassar		x	x	
Utarbeidingsfasen	Arbeidsgruppemøter		x	x	x
	Utarbeiding av kart og register		x	x	
	Utarbeiding av planframlegg			x	x
Vedtaksfasen	Politisk handsaming av framlegg til plan			x	x
	Høyring og offentleg ettersyn			x	x

	Folkemøte			x	x
	2.gongshandsaming - komité				x
	Slutthandsaming - kommunestyret				x
	Utforming og trykking av plan				x

6.5 Økonomi

Fjell kommune har i tida 2014-2015 fått tilskott kr. 200.000 frå Riksantikvaren til delfinansiering av planarbeidet.

7. Ord og omgrep i kulturminneforvaltinga

<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Ordforklaringer-og-ordlister/Ordforklaringar-nynorsk>

